

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148, Dep

0033 OSLO

Dykkar ref.	Dykkar brev	Vår ref.	STRYN
		301.2.1/JT	30.01.2009

### **Uttale til endringar i energiloven om investeringsplikt i produksjonsrelatert nett.**

Stryn Energi AS har områdekonsesjon i Stryn kommune i Sogn og Fjordane. I vårt område er det under bygging, gitt løyve til, og søkt om / under behandling fleire småkraftverk. Felles for alle prosjekt er at dei krev oppgradering av 22 kV nett og delvis nybygging. Det meste av nytt nett / oppgradering av eksisterande nett er produksjonsrelatert og ikkje knytt til forbruk. Stryn Energi AS nyttar innarbeidd regelverk for anleggsbidrag, ved inngåing av avtale med produksjonsselskap om nettilknytning. Anleggsbidraget er basert på noverdi av eksisterande nett, samt behov for kapasitetsauke som følgje av ny produksjon inn på nettet. Kostnadane vert såleis fordelt mellom produsent, gjennom anleggsbidrag og seinare innmatingstariff, og forbrukar gjennom auka nettleige, som følgje av auka rammer på grunn av nyinvesteringar. Slik dette fungerer i praksis i dag, synes det for oss i vår situasjon relativt greitt. Utfordringane melder seg når produsenten sin relative del (anleggsbidraget), vert så stort at planlagt utbygging vert ulønsam for utbygger / produsent. Eitt eksempel er tre planlagde kraftverk på nordsida av Nordfjorden, på 2,6 MW (Steindøla), 9 MW (Tvinna) og 5,4 MW (Hoplandselva), som både kvar for seg og til saman krev ny linje, om lag 30 km langs fjorden. Når Tvinna kraftverk v/ Småkraft AS, no fekk nei til sin konsesjonssøknad, så står vi att med to mindre kraftverk, som må fordele kostnadane på nytt, og dermed får auka kostnader. Steindøla er under bygging og vert sett i drift i juni 2009. Stryn Energi AS har inngått avtale om nettilknytning, under føresetnad av at alle tre prosjekta vert gjennomført. Dersom Tvinna får endeleg avslag, etter anke til OED, vil kostnadane for dei to andre auke relativt mykje. Koordinering er i dette tilfelle avgjerande viktig, noko Stryn Energi AS har teke opp med konsesjonsmyndighetene, NVE, ved fleire høve. Prosjekta vert likevel ikkje handsama parallelt i NVE. Vi saknar meir og betre koordinering frå konsesjonsmyndighetene.

#### Kostnadsfordeling.

I høringsnotatet vert det sagt at: ”*For nettkunder i områder hvor det tilknyttes mye ny produksjon kan det dermed bli en økning av nettleien*”.

Det er avgjerande viktig, både for nettselskapa som har potensiale for småkraft i sitt område, og ikkje minst for forbrukarane, som skal betale nettleiga, at selskapa framleis har høve til å krevje anleggsbidrag frå produsentar, der desse utløyser trong for investeringar i nettet. Det vil vere svært urimeleg og politisk uhaldbart, om nettleiga skal auke i distrikta, som følgje av at forbrukaren skal betale nettselskapet sine auka kostnader knytt til produksjonsrelaterte nett. Nettselskapa sin effektivitet vert målt utifrå kostnader; investeringar i nett gjev lågare

effektivitet i NVE sin nettrammemodell. Ei investeringsplikt i "ulønsame" produksjonsrelaterte nett, utan kompensasjon frå den som skaper behovet, vil i dag medføre at selskapet vert straffa med lågare effektivitet. Nettselskapa sitt omdøme er, mellom anna, knytt til pris på dei tenestene vi utfører. I Sogn og Fjordane vert det produsert om lag det dobbelte av forbruket (14 TWh produsert / 7 TWh forbruk). Likevel må forbrukarane i distrikta vere med å ta ein stor del av kostnadane med dei store overføringslinjene. Overliggande nett utgjer om lag 15 % av nettleiga til kundar i Stryn. Dette verkar urettferdig når krafta ikkje vert brukt i fylket, men eksportert ut.

Vårt klare ynskje er, utifrå omsynet til forbrukarane, at produsentane bør ta ein større del av kostnadane knytt til produksjonsrelaterte nettinvesteringar, enn det dei gjer i dag. Det vert i alle høve totalt feil å la produsentane sleppe rimelegare på kostnad av forbrukarane. Dette gjeld både investeringar, i form av anleggsbidrag, og innmatingstariff. Dei aller fleste kraftverk går med solide overskot. Prosjekt som kostnadmessig er ulønsame å bygge ut, når det er teke omsyn til både kostnader med nettilknytning og sjølve utbyggingskostnadane, kan vente til energiprisane gjer det lønsamt å bygge ut.

Stryn Energi AS ynskjer eit klarare og gjerne forskriftsfesta regelverk for berekning av anleggsbidrag, både for ny produksjon, og for uttak / forbruk. Slik reglane vert praktisert i dag, med ulike former for botnfrådrag for uttak, vert praksisen ulik frå selskap til selskap. Utbyggarar bør møte same praksis, uavhengig av i kva område investeringane skal gjerast. Dette kan oppnåast gjennom eit meir konkret regelverk for alle nettselskap.

#### Eigarskap til nett. Konesjonsplikt for private lavspent nett.

Stryn Energi AS er positiv til framlegget om krav til eigarskap i nettanlegg og innføring av konesjonsplikt for nett også under 1000 Volt. I vårt område har vi klart utfordringar, der grupper av private (småkraftteigarar), ynskjer å ta over, eller bygge nytt privat nett. Det skaper klart utfordringar i høve til fellesskapet fordi nettselskapet set att med om lag same kostnader / nettramme, men med mindre inntekter frå kundane, som igjen fører til høgare nettleige på grunn av færre kundar. Etter vårt syn vil det vere mest rettferdig for forbrukaren, om områdekonesjonæren har hand om, og kontroll med, alt nett. Lavspentnettet bør leggest under områdekonesjonæren, slik som høgspennetnettet er i dag.

Stryn Energi AS støtter krav om konesjonsplikt for fjernvarmeanlegg.

Med helsing  
Stryn Energi AS

